



Hege Anita Huslid
Rådhusgata 4a
4306 SANDNES

Vår ref.:
24/10143-3

Dykkar ref.:

Saksbehandlar:
Ove Hatlestad Solås

Dato:
12.07.2024

Vedtak om løyve til fasadeendring og bruksendring av rom på gbnr. 188/22

Vi viser til søknad av 05.07.2024, motteke her 05.07.2024.

Vedtak

Det vert gjeve løyve til fasadeendring og bruksendring av rom på gbnr. 188/22 med heimel i plan- og bygningslova (pbl) § 21-4. Løyve vert gjeve i samsvar med søknad datert 05.07.2024, teikningar og på følgjande vilkår:

1. Generelle føresetnader for vedtaket vert følgt. Trykk [her](#) for å gå til generelle føresetnader/vilkår for vedtaket, eller gå til siste side.

Når tiltaket er fullført så må du søke om ferdigattest. Søknadsskjema for ferdigattest finn du her: https://dibk.no/globalassets/blanketter_utfyllbare/alle-blanketter/5167n-soknad-om-ferdigattest-2020.pdf

Saksopplysningar

Tiltak: Fasadeendring og bruksendring av rom
Byggeplass: gbnr. 188/22, Dalsfjordvegen 557
Tiltakshavar: Hege Anita Huslid
Gjeldande plan: Kommuneplanen sin arealdel 2024-2035

Ansvarsrettar i tiltaket

Tiltaket er unnateke ansvarsrett der tiltakshavar sjølv er ansvarleg for at det vert utført i samsvar med plan- og bygningslova, byggteknisk forskrift og gitt løyve.

Nabovarsling

Tiltaket er ikkje nabovarsla. Då naboar og tverrbuar sine interesser ikkje, eller i liten grad, vert råka av tiltaket, finn vi å kunne gjere unntak frå varslingsplikta etter pbl § 21-3.

Vurderingar

Det er søkt om løyve til fasadeendring og bruksendring av rom på gbnr. 188/22. Det inneber:

- Endre utforming av vindauge og sette inn vindauge på fasade aust og vest. Endre utforming av vindauge på fasade nord. Endre plassering av vindauge på fasade sør.
- Bruksendre bod til soverom i hovudetasje. Det er søknadspliktig bruksendring av tilleggsdel til hovuddel.

Det vert ikkje auka antall soverom fordi det er gjort ikkje-søknadspliktig bruksendring i bygningen. Tidlegare soverom er bruksendra til bad. Det er alternativ bod i bygningen. Tiltaket inneber ikkje endring av areal.

Visuelle kvalitetar

Tiltaket har etter kommunen si vurdering akseptable visuelle kvalitetar både i seg sjølv, etter sin funksjon, bygde og naturlege omgjevnad og plassering. Tiltaket vert vurdert til å vere i samsvar med pbl §§ 29-1 og 29-2.

Generelle vilkår:

1. Løyvet fell vekk dersom tiltaket ikkje er sett i gang innan 3 år. Det same gjeld dersom tiltaket stoppar i lenger tid enn 2 år, jf. pbl § 21-9, 1. ledd.
2. Før du kan ta i bruk bygningen/tiltaket må du sende søknad om bruksløyve/ferdigattest, jf. pbl § 21-10.
3. Bygningen/ tiltaket må ikkje takast i bruk til anna føremål enn det løyvet gjeld.
4. Det må bli gjort naudsynt kontroll, slik at tiltaket ikkje strir mot reglar og krav gjeve i eller i medhald av lov og forskrift.
5. Byggeløyvet inneberer ingen avgjersle om private forhold.
6. Tiltakshavar må sjølv sjå til at arbeidet ikkje kjem i strid med pbl, TEK17, kommunen sine vedtekter, reguleringsplan m/føresegner, eller anna regelverk.

Klage- og innsynsrett

Dette brevet er eit enkeltvedtak som du kan klage på i samsvar med forvaltningslova sine reglar. Fristen for å klage er 3 veker frå du fekk brevet. Du skriv klaga som eit eige brev og sender det til kommunen. Kommunen handsamar klaga. Om klagen ikkje vert tatt til følgje sender vi den til Statsforvaltaren for endeleg avgjerd. [For meir informasjon om din klagerett sjå heimesida vår.](#)

Du har rett til innsyn og gjere deg kjend med saka sine dokument etter forvaltningslova. [For meir informasjon om din innsynsrett sjå heimesida vår.](#)

Med helsing

Trond Hegrestad
fungerande einingsleiar

Ove Hatlestad Solås
ingeniør

Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ingen signatur.

Kopi:

W Eiendomsmegling
Sunnfjord As

Hafstadvegen 23

6800 FØRDE

Mottakarar:

Vedlegg:

Søknad om ferdigattest